



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal


Tingvoll, 9. mars 2015

Fræna kommune

BRU TIL DRÅGEN – KRAV OM BIOLOGISKE UNDERSØKINGAR

Vi viser til sak nr. PS 111/2014 behandla i PLØK 15.09.2014, Bru til Drågen, arkivnr. 2014/1668-6.

Naturvernforbundet er heilt sikre på at det finst natur i området som vil bli påverka av tiltaket. Det kan også vere behov for å rette opp skader som følgde av noverande molo til vegen. Difor skal naturmangfaldlova brukast før det kan bli gjort ei avgjerd. Forsøket på handsaming i september 2014 var heilt fri for slike vurderingar.



I følge Naturbase er det ingen naturtypelokalitetar tett ved brua, men dette skuldast gjerne at det har vore minimalt med marin kartlegging så langt i Møre og Romsdal. Vi har ikkje mykje kjennskap til området, men nok til at det vil forundre oss mykje viss det ikkje blir påvist slike marine naturtypar. Fræna kommune må difor sørge for at området blir kartlagt med kompetent person/firma.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett www.naturvern.no/mr

Vi gjer merksame på naturmangfaldlova:

§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

Utan vurdering i samsvar med naturmangfaldlova, kan vedtak bli rekna som ugyldige.

Naturvernforbundet ber om å bli sett opp på kopilista for vedtak i denne saka (Helst e-post). Vi varslar samtidig om at eit vedtak i denne saka utan at det er gjort nødvendige undersøkingar om naturmangfaldet og vurderingar jf. naturmangfaldlova vil vi klage på.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:
Fylkesmannen, Miljøvernavdelinga